



Larsen og Solheim AS
Øvre Kråkenes 17
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3781 - 17/2613

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
26.01.2017

Ferdigattest asylmottak - gbnr 99/27 og 31 Våge

Administrativt vedtak. Saknr: 038/17

Tiltakshavar: Jenfrid Jhr AS

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.12.2015. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Det vert elles vist til søknad motteken 30.12.2016.

Skildring

Adresse:	Fjellangersvingane 8 og 10
Bygningstiltak:	Asylmottak (næringsgruppe overnattings- og serveringsvirksomhet)
Bygningsnummer:	9867422
Bruksareal:	330m ²
Avlaup:	Minireinseanlegg med utslepp til sjø
Vatn:	Privat vassforsyning

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for mellombels bruksendring til asylmottak på gbnr 99/27 og 31.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3781

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jenfrid Jhr AS

Troldhaugvegen 5232
53

PARADIS

Mottakar:

Larsen og Solheim AS

Øvre Kråkenes 17 5152

BØNES